Fylkesmannen i Møre og Romsdal

Vår dato: 10.06.2015
Vår ref.: 2010/5494/RESC/461.3
Saksbehandlar, innvalstelefon: Senioringeniør Reidun Sofie Schei, 71 25 85 11
Dykkar dato:
Dykkar ref.

Ole Ringdal AS

6218 HELLESYLT

Inspeksjonsrapport: Inspeksjon ved Ole Ringdal AS
Kontrollnummer: 2015.026.I.FMMR

Kontaktperson ved kontrollen

Frå verksemda:
Ole Ringdal
Jostein Ringdal
Tore Rusten
Frank Øksvang
Kristen Ringdal (delvis)

Frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal:
Reidun Sofie Schei

Fylkesmannen var på inspeksjon ved Ole Ringdal AS den 2. juni 2015. Rapporten er rekna som endeleg dersom vi ikkje får nokon tilbakemelding om faktiske feil eller mistydingar innan to veker etter at rapporten er motteke. Fylkesmannen i Møre og Romsdal avdekka 5 avvik og 1 merknad under inspeksjonen.

Avvik:

1. Internkontrollen for ytre miljø har manglar
2. Det er ulovlege utslepp av slakteavfall til sjø
3. Vatn frå produksjonslokale og fjøs vert ikkje reinsa før utslepp
4. Verksemda leverar ikkje eigenrapportering i Altinn
5. Det vert levert farleg avfall til avfallsmottakar utan å deklarere avfallet.

Avvik og merknader er nærmare omtala frå side 3 og utover i rapporten. Fylkesmannen ser spesielt alvorleg på avvik 2 og 3. Vi vil følgje opp gjennomføring av desse tiltaka med ein ny kontroll i november. Oppfølging etter tilsynet er nærmare omtalt på side 3.

Reidun Sofie Schei		Anne Melbø
kontrollør	Fylkesmannen i Møre og Romsdal	fagansvarleg

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.

kopi:
Stranda kommune Øyna 13 6200 STRANDA

Informasjon om verksemda

Ansvarleg verksemd

Namn: Ringdal Ole AS	
Organisasjonsnr (undereining): 971757086	**Eigas av: 915398251**
Besøksadresse: Velsvik	**Telefon: 70269100**
Bransjenr. (NACE-kode): 10.130 - Produksjon av kjøtt- og fjørfevarer	**E-post: tore@oleringdal.no**

Kontrollert anlegg

Namn: Ole Ringdal AS	**Anleggsnr**.: 1525.0004.01
Kommune: Stranda	**Anleggsaktivitet**: Næringsmiddelindustri, unntatt fiskeforedling
Kontroll nr.: 2015.026.I.FMMR	**Risikoklasse**: 3
Løyve gitt: 03.10.2014	**Løyve sist oppdatert**: -

Bakgrunn for inspeksjonen

Tilsynet vart gjennomført på grunn av tips frå Stranda kommune og for å kontrollere om gjeldande krav fastsatt i løyvet vert stetta.

Inspeksjonstema

Tema for inspeksjonen var:

- Internkontroll i høve til ytre miljø
- Risikovurdering
- Utslepp til vatn
- Farleg avfall/ avfallshandtering
- Utleppskontroll
- Energieffektivitet
- Verksemda sin oppfølging av fristar knytt til løyvet frå Fylkesmannen.
- Måleprogram

Denne rapporten omhandlar dei avvik som vart funne under inspeksjonen og gir inga fullstendig tilstandsvurdering av verksemda sitt miljøarbeid eller miljøstatus.

Definisjonar

Avvik: Manglande etterleving av krav fastsett i eller i medhald av lov.

Merknad: Eit tilhøve som ikkje blir omfatta av definisjonen på avvik, men som tilsynsetatane meiner det er rett å peike på då det har noko å seie for å ta vare på det ytre miljø.

Andre forhold: Saker som framkom under inspeksjonen og som det kan være nyttig å kjenne til for verksemda og saksbehandlarar. Her kan det også inngå kommentarar til tema som ble tatt opp under inspeksjonen, men der det ikkje ble gitt avvik eller merknad.

Oppfølging etter inspeksjonen

Verksemda pliktar snarast å rette opp avvik som vart funne. For at Fylkesmannen i Møre og Romsdal skal kunne avslutte saken, må verksemda sende oss dokumentasjon på at avvika er retta innan **1.8.2015.**

Vi ber dykk om å stile svarbrevet eller e–post (fmmrpostmottak@fylkesmannen.no) til Fylkesmannen i Møre og Romsdal, postboks 2520, 6404 Molde, merka med saksnummer.

Vedtak om gebyr

Fylkesmannen varsla i e-post datert 12.5.2015 at Ole Ringdal AS vil bli pålagt eit gebyr på kr 12 200,- for inspeksjonen, jf. ureiningsforskrifta § 39-6. Beløpet svarar til risikoklasse 3. Faktura med innbetalingsblankett vil bli sendt frå Miljødirektoratet.

Offentlegheit i forvaltninga

Denne rapporten vil vere open for offentligheita via postjournalen til Fylkesmannen til Møre og Romsdal (jf. offentleglova). I tillegg vil rapporten ligge på www.norskeutslipp.no

Kopi av rapporten sendast også til:

- Stranda kommune

Avvik

Vi avdekka følgjande avvik under inspeksjonen:

Avvik 1
Verksemda har ulovlege utslepp av slakteavfall til sjø

Avvik frå:
Løyve av 3.10.2014, punkt 2.6. Nærmiljø

Kommentarar:
Verksemda har ikkje satt i gang arbeid for å kople alle utsleppstraumar frå produksjonen til eksisterande utsleppsleidning på 20 m djup. På møtet med verksemda i 2014 vart vi einige om at dette arbeidet skulle være ferdig 1.10.2015. Dette arbeidet er ennå ikkje gjort noko med, og det må settast i gong straks. Vi ber om å få tilsendt ein plan for arbeidet, seinast **1.8.2015**.

Vi har motteke fleire klager på ulovlege utslepp av slakteavfall til sjøen frå Stranda kommune; i 2010, 2013, 2014 og 2015.

- I 2010 vart tilhøvet følgt opp med eit tilsyn, sjå tilsynsrapport 2010.012.I.FMMR. Her finn de eit vedlegg frå Stranda kommune etter deira synfaring den 8.7.2010.
- I klaga frå 2013 seier kommunen: «Kommunen har vore på synfaring og også teke bilete... Der er ein del å ta tak i når det gjeld utsleppet til Ole Ringdal AS.
  1. Det går framleis slakteavfall frå skjerehallen til Overvasskum ved hjørne mot fotballbana.

2. Det går framleis blodvatn og mykje organisk avfall i rør som går ned til 1 m djupn på flo-røret ligg om lag i dagen ved fjøre sjø- masse fuglar observert ved utløpet
3. Ved Hydro bensinstasjon er der to kommunale drensrør der det kjem ut vatn og partiklar frå Ole Ringdal AS- sjøledninga her er ok no.»

- I klaga frå september 2014:«Det er blitt teke bilete som dokumenterer store «blodkaker» og store kjøttslintar som flyt i området langs den nye djupvasskaia. Dette er spesielt uheldig ettersom det no vert sett i land mengder av turistar gjennom heile turistsesongen, så vidt eg har fått rapportert er ureininga kommentert også av desse.»
- I klaga frå april 2015: «Vi får stadig tilbakemeldingar om kraftig ureining frå Ole Ringdal (Hellesylt) til sjøen utanfor fabrikken.»

Avvik 2
Verksemda har ikkje installert siler/rister med lysopning 2 mm eller mindre for å reinse ureina vatn frå produksjonslokala og fjøs

Avvik frå:
Løyve av 3.10.2014, punkt 2.6 og krav om tiltak med tidsfrist 1.12.2014

Kommentar:
Vi viser til tidlegare handsaming av utsleppsløyve til verksemda frå SFT og til brev frå SFT av 6.5.1992. Her tilrår SFT å kople samla prosessavløp til ei sil, ikkje slik Ottestad og Nedreklepp tilrår at alle slukar og rister skal ha sil med lysopning på 2 mm eller mindre.

Vi har i vårt løyve av 3.10.2014 fasthalde kravet om sil med same opning som SFT gjorde i 1992. Vi vil presisere at **alt vatn frå produksjonen og fjøs, skal passere ei sil med 2 mm lysopning eller mindre, før det vert slept inn på eksisterande djupvassleidning**.

Dette arbeidet skal vere ferdig **1.10.2015**.

Avvik 3
Verksemda leverar ikkje eigenrapportering i Altinn

Avvik frå:
Løyve av 3.10.2014, punkt 11.2. Rapportering til fylkesmannen og krav om tiltak med tidsfrist årleg 1. mars

Kommentar:
Verksemda skal rapportere innan 1. mars året etter utsleppsåret på standardiserte elektroniske skjema via www.altinn.no.

Avvik 4
*Verksemda leverar farleg avfall til avfallsmottakar utan å deklarere det farlege avfalle*t.

Avvik frå:
Avfallsforskrifta § 11-12

Kommentar:
Verksemda har plikt til å deklarere innhaldet i farleg avfall som blir levert til avfallssmottakar, som til dømes oljerestar. Den som leverar det farlege avfallet, skal sørgje for at deklareringsskjemaet er fylt ut og at det fins ein kopi i eige arkiv.

Avvik 5
Verksemda sin internkontroll for ytre miljø har manglar.

Avvik frå:
Forskrift om systematisk helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid i virksomheter (internkontrollforskriften) § 5 2.ledd nr. 1-8
Løyve av 3.10.2014, punkt 2.4. Internkontroll og krav om tiltak med tidsfrist 1.12.2014

Kommentar:
I medhald av internkontrollforskrifta skal internkontrollen dokumenterast i den form og det omfang som er nødvendig på bakgrunn av verksemda sin art, aktivitet, risikotilhøve og størrelse.

Følgjande punkt manglar skriftleg dokumentasjon i verksemda sin internkontroll:

- Konkrete mål for ytre miljø for utslipp til vatn, lukt og avfallshandtering er ikkje nedfelt skriftleg. Måla skal være sett slik at dei skal kunne etterprøvast. Verksemda produserer avfall, brukar energi og vatn, slepp ut ureina vatn til sjø og har til tider luktutslepp. Konkrete måltall skal finnast for desse. Sorteringsgrad av avfall, bruk av reint vatn og spesifikt energiforbruk er eksempel på parametrar som lett kan følgjast opp med måltall.
- Naboklager/overskriding av grenser sett for utslepp og feil i forbindelse med levering av avfall er tilhøve som skal avviksbehandlast.
- Verksemda skal ha eit opplæringsprogram som sikrar tilstrekkelig kunnskap og ferdigheter hos dei tilsette i arbeidet med ytre miljø
- Det skal finnast skriftlege rutinar for avfallshandtering, omlasting av konteinarar for avfall, vasking av produksjonslokale mm.
- Verksemda har gjort ei miljørisikovurdering, men det er ikkje laga akseptkriterier som fortel kva som er akseptabel risiko. Miljørisikovurderinga skal hendingar som først krev risikoreduserande tiltak.
- Verksemda kan ikkje dokumentere at den har følgt opp risikovurderinga med planar og tiltak for å redusere risikotilhøva. Tiltak med høg prioritet skal ha ein handlingsplan.
- Verksemda skal ha eit energistyringssystem (punkt 8.1 og 8.3 i løyvet)

Merknader

Merknad 1
Vi viser til motteke måleprogram utslepp. Her er ansvaret definert, men for oss er det ikkje klårt kven som har ansvar for at målingane vert utført slik plana seier.

Dokumentasjonsunderlag

Heimlane for avvik i denne kontrollen er i følgjande regelverk:

- *Lov om vern mot forurensninger og om avfall (forurensningsloven*) av 13. mars 1981

- *Lov om kontroll med produkter og forbrukertjenester (produktkontrolloven*) av 19. juni 1970
- *Forskrift om begrensning av forurensning (forurensningsforskriften)* av 1. juni 2004
- *Forskrift om gjenvinning og behandling av avfall (avfallsforskriften) av* 1. juni 2004
- *Forskrift om systematisk helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid i virksomheter (internkontrollforskriften)* av 6. desember 1996